

Zjakk Frisørsalong opna salongen i dag, måndag 27. april.

27.04.2020



Zjakk Frisørsalong opna salongen frå i dag, måndag 27. april.

I dag, måndag 27. april, opna Zjakk Frisørsalong for kundar etter koronastenging. I pressemeldinga kjem det fram korleis salongen vert driven i tida framover. Smitteverneglane gjeld framleis og det er viktig at kundane held seg til restriksjonane frå Folkehelseinstituttet. Les pressemeldinga under:

Mandag 27.04.20 er me endeleg klare for å opna salongen for kundar att. Me har gjennomført FHI sitt smittevernkurs, og føler oss trygge på å ønskja kundar hjartans velkomne.

Av smittevernhensyn vil Siv Jorunn no jobba aleina på Valentin Hårstudio, og Ann Christin vil vera aleina på Zjakk frisørsalong i Uskedalen. Me har valgt å dela oss slik no, for å minske smittefaren, for både oss sjølve og kundane våre.



Smitteverneglane gjeld framleis, særleg dette som går på handvask og bruk av antibac.

Det er mange som har venta lenge på frisørtime, men me klarar desverre ikkje hjelpe alle i løpet av første dei dagane. Me vil gjera så godt me kan for at alle våre kundar skal få hjelp snarast mogleg.

Minnar om smitteverneglane som enno gjeld. Har du symptomer på luftveisinfeksjon? Ring oss - vennleg ikkje kom inn i lokalet. Med litt meir tolmud no, så vil Alt Bli Bra

Telefon: 534 86 566

Helsing frå Ann Christin og Siv Jorunn.

Tekst: Pressemelding
Foto/illustrasjon/nett: Kristian Bringedal